



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6930 - 18/18299

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
07.06.2018

Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 212/132 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 293/18

Tiltakshavar: Nordhordland Næringspark AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld tiltak i forbindelse med søknad om etablering av to delfelt, KBA1 og KBA2 i næringsområde med fire delfelt.

Det vert vist til søknad motteken 26.03.18

Saka gjeld søknad om ferdigattest for delar av utbygde felt i Nordhordland Næringspark der det ligg føre mellombels bruksløyve.

Planstatus

Eikanger næringsområde plan-id 1263-201114.

VURDERING:

Som de sjølv opplyser om i søknaden er det berre dei tiltaka som har fått mellombels bruksløyve det søkast om ferdigattest for.

Vilkåra for å gje ferdigattest er ikkje stetta då det er vesentlege manglar ved søknaden. For å gje ferdigattest må alle tiltak omfatta av søknaden vere ferdigstilt. Dersom det fortsatt er arbeid som ikkje er ferdigstilt kan kommunen berre gje mellombels bruksløyve. Viser elles til dialog undervegs i saka.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert søknad om ferdigattest avslått. Krava til å gje ferdigattest er ikkje stetta.



Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6930

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Næringspark AS Sandviksbodene 5 5035 BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS Sandviksbodene 5 5035 BERGEN

Tippetue Arkitekter AS Sandviksbodene 5 5035 BERGEN